

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN  
\*\*\*\*\*

Ark.nr. 4125  
Raker

J 144/84

ENDRING AV FORSKRIFTER OM REGULERING AV REKEFISKET VED VEST- OG  
AUST-GRØNLAND I 1984.

I medhald av §§ 1 og 4 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene, jfr. kgl.res. av 17. januar 1964, og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket, jfr. kgl.res. av 8. september 1972, har Fiskeridepartementet 16. juli 1984 bestemt:

## I

I forskrifter av 22. februar 1984 om regulering av rekefisket ved Vest- og Aust-Grønland i 1984 gjøres følgende endringer:

§ 7 endres til å lyde:

Blir fartykvotane etter §§ 3 og 4 ved Vest-Grønland (NAFO-område 1) ikkje utnytta innen 23. juli 1984 kl 0000 GMT, blir kvotetildelingane oppheva og deltakande farty kan fiske fritt fram til den totale kvoten på 450 tonn er oppfiska.

## II

Denne forskrift trer i kraft straks.

Etter disse endringer har forskriftene denne ordlyden:

## FORSKRIFTER OM REGULERING AV REKEFISKET VED VEST- OG AUSTGRØNLAND I 1984.

## § 1

Det er forbode å fiske reker ved Vest-Grønland (NAFO-område 1) og i EF-sona ved Aust-Grønland (ICES-område XIV og Va).

Utan hinder av forbode i første ledd kan norske fiskarar i 1984 fiske 450 tonn reker ved Vest-Grønland i NAFO-område 1 sør for 68°n.br. og 2000 tonn reker i EF-sona ved Aust-Grønland i ICES-områda XIV og Va.

## § 2

Totalkvoten på 2000 tonn ved Aust-Grønland skal fordelast på dei deltakande farty etter inndeling i følgjande grupper på grunnlag av godkjend lastekapasitet:

- a) under 80 tonn
- b) 80 til 99,9 tonn
- c) 100 til 129,9 tonn
- d) 130 tonn til 159,9 tonn
- e) 160 tonn til 199,9 tonn
- f) 200 tonn og meir.

Fartykvotane blir utrekna slik: 50 % av totalkvoten blir delt med likt kvantum på kvart farty. Dei resterande 50 % blir delt på fartya etter den gjennomsnittlege lastekapasiteten i gruppene.

Ingen farty skal tildelast ein fartykvote som er større enn fartyet sin godkjende lastekapasitet.

## § 3

Totalkvoten på 450 tonn ved Vest-Grønland skal delast på farty som seinast 16. mars 1984 er påmeldte til Fiskeridirektøren for fiske ved Vest-Grønland i 1984. Dersom den samla godkjende lastekapasiteten til dei påmeldte fartya overstig 450 tonn skal kvoten delast etter loddtrekning til 4 av dei påmeldte fartya med 112,5 tonn til kvart farty.

Dersom nokon av dei uttrekte fartya har ein godkjend lastekapasitet som er mindre enn 112,5 tonn, skal fartyet sin kvote setjast lik den godkjende lastekapasiteten.

Den resterande delen av den norske totalkvoten skal då delast i høve til storleiken på lastekapasiteten til dei uttrekte fartya med godkjend lastekapasitet større enn 112,5 tonn.

Dersom det 16. mars 1984 ikkje er påmelde farty for fiske ved Vest-Grønland med ein samla godkjend lastekapasitet på minst 420 tonn blir det opna for fritt fiske frå den 17. mars 1984 fram til totalkvoten på 450 tonn er oppfiska.

#### § 4

Fiskeridirektøren avgjer under kva gruppe det einskilde deltakande fartyet høyrar til, og fastset kvoten til det einskilde fartyet ved Vest-Grønland og Aust-Grønland.

Ved fastsetting av kvotar etter § 3 kan det gjerast slike justeringar som praktisk omsyn tilseier.

#### § 5

Deltakande farty må melde frå til Fiskeridirektoratet før avgang til feltet, og må sende kopi til Fiskeridirektoratet av dei meldingane som dei etter vilkåra i EF-lisensen er pålagde å sende EF-kommisjonen.

#### § 6

Farty som ikkje seinast 10. april 1984 kl 2400 GMT har starta fiske ved Aust-Grønland, jfr. meldeplikta etter § 5, mister den kvoten dei er tildelte etter §§ 2 og 4.

Den del av den norske totalkvoten på 2000 tonn som er tildelt farty som kjem under regelen i første ledd, skal etter 10. april 1984 delast i samsvar med reglane i §§ 2 og 4 på dei fartya som seinast 10. april 1984 har starta fisket ved Aust-Grønland. Farty som på grunn av havari blir hindra frå å starte fisket ved Aust-Grønland seinast 10. april 1984 kan etter søknad også takast med ved fordelinga av kvotar etter denne paragrafen.

Kvotane fastsett etter denne paragrafen gjeld fram til 7. mai 1984. Deltakande farty kan etter 7. mai 1984 kl 0000 GMT fiske fritt fram til den totale kvoten på 2000 tonn er oppfiska.

#### § 7

Blir fartykvotane etter §§ 3 og 4 ved Vest-Grønland (NAFO-området 1) ikkje utnytta innen 23. juli 1984 kl 0000 GMT, blir kvotetildelingane oppheva og deltakande farty kan fiske fritt fram til den totale kvoten på 450 tonn er oppfiska.

#### § 8

Fiskeridirektøren kan fastsetje nærmare forskrifter om gjennomføring og utfylling av reglane i desse forskriftene, under dette også forskrifter om dagleg rapporteringsplikt, prøvetaking og tidspunkt for stopp i fisket når det blir utrekna at kvotane er oppfiska.

#### § 9

Forsettleg eller aktlaust brot på reglane i desse forskriftene eller på regler gitt med heimel i desse forskriftene blir straffa med bøter etter straffelova § 339 nr. 2, dersom ikkje strengare straffereglar kan nyttast.

#### § 10

Desse forskriftene trer i kraft straks. Samtidig blir Fiskeridepartementets forskrifter av 15. desember 1983 om regulering av rekefisket ved Grønland i 1984 oppheva.